

Kjære deg som jobbar på Osterøytunet.

Eg håpar det står bra til med deg og dine i denne spesielle tida!

Eg vil prøve å samanfatte viktig ny informasjon. Det kjem nye føringar frå helsedirektoratet heile tida, så eg oppmodar alle til å følgje med på oppdatert informasjon på Fhi (Folkehelseinstituttet) og Helsedirektoratet sine nettsider. Osterøy kommune si heimeside har òg viktig informasjon. Hugs også å sjekke e-posten din kvar gong du er på jobb.

Du som får luftveisinfeksjon skal ikkje komme på jobb. Du må som alltid ta kontakt med næraste leiar for å melde fråvær.

Det er innført rutiner for testing av helsepersonell.

Om testing av helsepersonell:

Helsepersonell som har nært pasientarbeid og har akutt luftveisinfeksjon med minst eit av symptomane feber, hoste eller kortpusthet kan vere kandidat for testing. Dei fleste som har meldt seg har fått avtale om testing til no. Smittevernlege Anita Sørtveit skulle ynskja at me kunne teste alle helsepersonell med symptom som forklart, men at mangel på testutstyr gjer at testing må prioriterast!

Ho presiserer at det er begrensa med tilgang på utstyr og kor mykje me får bestille, og dette er ikkje i hennar makt.

Smittevernlegen melder fylgjande retningslinjer for testing:

Ved akutt og lett forkjølelse eller sår hals: Hold deg heime 1 døgn etter du er symptomfri.

Ved feber og hoste, influensalignende symptom (halsvondt, feber, hodepine, tørrhoste, muskelverk): Hold deg heime og kontakt koronatelefonen med tanke på testing.

Dei som skal testast må ringe koronatelefonen. Telefonnummer: 966 25 870 - måndag til fredag klokka 09.00-21.00. Der vil de kunne gjere greie for sjukdom, symptom, reiseaktivitet, arbeidsplass og personalia. De vil så få eit tidspunkt for testing og instruksjoner. Det heile foregår utandørs bak Familie og omsorgssenteret ved Kroken. Det tek 1-2 døgn å få svar på testen.

Informasjon frå Anita Sørtveit: kort fortalt er testingen no forbeholdt sjuke og sårbare personar og helsepersonell. Personar utan symptom skal ikkje testast. Mange lurar på kvifor ikkje dei som er friske og er i karantene får teste seg. Karantenetida kan uansett ikkje kortast ned ved eit negativt resultat. Sjølv om testen på ein frisk person er negativ så kan personen utvikle sjukdom opptil 14 dagar etter sist smitteeksponering. Eit negativt svar kan difor vere ein falsk trygghet og det bør ikkje testast på friske som er i karantene.

Det er signal frå andre kommuner og sjukehus på at ein er usikker kor lenge ein kan teste helsepersonell i så utstrakt grad. Det skjer endringar i råd og anbefalinger kvar dag, og levering av prøveutstyr er også usikkert. Eventuell karantene for husstanden til den som blir testa har også vore diskutert og praktisert ulikt rundt omkring. Smittevernlege ventar på nokre avklaringar her, men dette får den enkelte råd om frå koronateamet.

Kanskje me ikkje kan holde på lenge med slik testing som i dag, men då må me ha fokus på at den som er sjuk må vere heime.

Alle kan ringe koronatelefonen, både ansatte og innbyggjarane generelt.

Informasjon som gjeld Osterøytunet:

Me har samla mykje informasjon i korona-mapper i kvar grupper/natt. Les og bruk denne!

- Alt fråvær grunna korona-situasjon vert registrert med eigenmelding og meldast som vanleg i «Visma meg sjølv». Tal eigenmeldingsdagar er auka til 16 per periode. Dersom fråvær varar lengre enn 16 dagar, må du få sjukemelding. Er du delvis sjukemeldt frå før, må du få utvida sjukemelding.
- Det er utarbeidd rutine for å ta imot pårørande ved besøksforbod (dette gjeld ved livets siste dagar). Skrivet ligg i korona-mappe i gruppene.
- Kjøkkenpersonell går ikkje lengre inn i gruppene, men set matvogna like innafør døra. Sjå informasjon i korona-mappe.
- Hugs at dersom ein pasient får luftveisinfeksjon, MÅ denne isolerast umiddelbart og testast for korona dagen etter oppstart symptom.
- På Osterøytunet er det viktig å unngå at pasientar besøkjer andre grupper. Dei kan sjølv sagt få bevege seg i fellesrom og utandørs.
- Eg ber deg om å tenkje gjennom kven du omgås på fritida. Eg håpar du forstår at sosiale samankomstar med andre enn familie i same husstand, er det ikkje tida for no! Som helsepersonell bør ein unngå så lang som råd å gå på butikk eller andre offentlege stader.
- Du som må avbestille reise og treng bekrefting frå arbeidsgjevar, ta kontakt med din leiar.
- Som anbefalt, vil me leiarane (og mogleg fagkoordinatorar) ha heimekontor nokre dagar for å unngå at me alle er her samtidig. Me er då tilgjengeleg på telefon og e-post.

Om du er sjuk og har vore på jobb, ikkje set heime med dårleg samvittighet og tenk på at du kan ha smitta nokon. Me gjer alle så godt me kan i denne situasjonen! Eg er svært takknemlig for den arbeidsinnsatsen og «stå- på- viljen» alle viser kvar dag!

Tusen takk!

Mvh Åse Veвле
Einingsleiar